

DEBATT

Si din mening, men fatt deg i korthet. Tidens Krav forbeholder seg retten til å redigere og korte ned leserbrev. Anonyme angrep på identifiserbare eller navngitte personer eller virksomheter, tillates ikke. Innlegg blir ikke returnert eller honoreret.

Faks: 71 57 00 02 E-post: redaksjonen@tk.no

Post: Tidens Krav, Storgt. 41. P.b. 8, 6501 Kristiansund

Stem taktisk ved valget!

At Kristiansund ikke blir prioritert kan vi takke mest oss selv for. Byen har ingen representert verken på Storting eller i fylkestinget. Særlig det siste er ren skandale!

Ser at Tidens Krav forleden skrev at eneste sjansje var dersom Kjell Bjarne Dahl fikk nok stemmer ved valget. Her bør TK og alle lokale medier heise det røde flagg. Alle i byen bør uansett politisk farge stemme taktisk for å få inn Kjell Bjarne til fordel for Kristiansund.

Alf Tømmervåg

Verdivalet

SV set velferd og rettferdig fordeling framfor skattelette til dei som har mest frå før. Høgresida gjer det motsette. Dei vil fjerne formueskatten, og med det gjere 27 av dei 34 milliardærene her i landet til nullskatteytarar.



Ingrid Opedal.

Kvart år vert det betalt inn omlag 12 milliardar i formueskatt. Det gjev oss mykje velferd. 11 milliardar er nok til å drive godt over 20.000 sjukeheimsplasar. Dei 50 nye togsetta til NSB frå i fjor kosta 4 milliardar kroner, så vi kunne fått nesten 150 togsett for den summen. Det er meir enn nok til å finansiere både ei tannhelsereform og ein likelønspott. Og sånn kan vi halde fram. Det er mange ting som bør prioriterast framfor skattelette til dei med mest frå før.

I tillegg er formueskatten viktig for fordelinga i Noreg. Denne skatten er omtrent den einaste skatten dei rikaste ikkje kan tilpasse seg vekk frå. Vi skal heller ikkje undervurdere kva formueskatten har å sei for skatteviljen blant vanlege folk. Ei undersøking utført av FAFO viser at åtte av ti er villige til å betale meir skatt, dersom de veit at pengane går til velferd. Folk flest betalar altså skatten sin med forståing, men eg vil legge til endå ein viktig foresetnad: nemleg at også dei aller rikaste bidreg etter evne. Skal vanlege folk betale skatt etter evne, må også dei aller rikaste gjere det.

Jan Tore Sanner frå Høgre ser i VG 1. juli ut til å forstå samanhengen mellom skatt etter evne og rettferd. Han seier at «Høgre vil finne andre måtar å skattlegge dei rikaste på». På spørsmål om korleis svarer han; «det har eg ikkje noko klart svar på». Når han likevel flaggar fjerning av formueskatten som ei viktig valkampsak, fortel det oss noko viktig om Høgre. Dei ser ut til å vere lite opptekne av velferd og fordeling.

SV er for ein sosialt utforma formueskatt. Sidan den raudgrøne regjeringa tok over i 2005 er det 400.000 færre vanlege folk som betalar formueskatt på grunn av auka botnfrådrag. Samstundes er den skjerpja i den andre enden slik at dei rikaste bidreg meir.

Høgresida bør rett og slett forklare kva som er rettferdig med at milliardærene betalar mindre i skatt enn læraren, hjelpepleiaren eller de som sit i kassa på butikken?

Ingrid Opedal,

2. kandidat Møre og Romsdal SV

Trua på vindkraft som klimaredder

Ser at Ane Marte Rognskog i Natur og Ungdom (NU) igjen er ute med si ukritiske lovprising av vindkraft. På nytt får vi høyra dei same argumenta om at Norge må produsere «ren og fornybar energi». Da er det på sin plass å minne om at det knapt er noko land i verda som produserer så mykje rein og fornybar energi som Norge i forhold til folketallet. Heile 98,5 prosent av strømprduksjonen i Norge kjem frå rein vasskraft. Og vi eksporterer mykje av denne produksjonen til utlandet nesten kvart år. I 2008 så mykje som ca 14 TWh.

Å samanlikne Norge med Danmark og Tyskland blir nesten latterlig i denne samanhengen. Så vidt eg veit så har vel ikkje Danskane så mykje rein vasskraft å slå i bordet med.

I EU blir det produsert 1.800 TWh strøum frå fossile energikilder, og denne produksjonen veks. Og sjølv om Norge produserte så mykje som 20 TWh vindkraft (som NVE ser for seg om nokre år) så ville ikkje det utgjere meir enn ca 1 prosent av EU sin fossile strømprduksjon. Med andre ord eit piss i havet. Å tru at vesle Norge kan erstatte særleg mykje av EU sin fossile strømprduksjon med kystbasert vindkraft for å redde klimaet blir veldig naivt.

Ane Marte Rognskog påstår at Møre og Romsdal har eit enormt potensial for vindkraft, og at det finns fleire bra prosjekt i fylket. Da kunne det vore interessant å få vite kvar NU meiner desse vindkraftverka bør byggast.

I Aure er det planlagt to vindkraftanlegg, eit på Ertvågøya og eit på Skard-søya. Vindkraftverket på Ertvågøya er planlagt med ca 30 vindturbiner med ein årsproduksjon på 175 GWh. Dersom



Vindmøller: – Natur og Ungdom burde sjølsagt vere den fremste talspersonen for ein reduksjon i energibruken i staden for å vere «løpegutter» for vindkraftselskapa, skriv Magnar Lien frå Aure.

Norge skulle produsere så mykje som 20 TWh vindkraft måtte vi bygge minst 114 slike anlegg, eller ca 3.500 vindturbiner. No veit vi at ingen vindkraftanlegg produserer så mykje som dei er planlagt for, så talet på anlegg og vindturbiner hadde nok vorte enda mykje større. Korleis skulle Norskekysten bli sjåande ut dersom dette skulle bli realisert? Og er NU så naiv at dei er villig til å ta ansvaret for ei rasering av dei flottaste naturområda i Aure i blind tru på at det skal vere med på å redde klimaet på jorda?

Det finns ingen dokumentasjon på klimaregnskap for eksisterande eller planlagte vindkraftverk i Norge. Dersom energiselskapa og NU verkeleg var opptekne av klimatilak var det veldig mykje dei kunne ha gjort i staden for å satse på vindkraft. Enova, statens eige organ for enøk dokumenterer at vindkraft er det desidert dyraste og minst

kostnadseffektive tiltaket for klima innan energiområdet. Energieffektivisering, energigjenvinning og fjernvarme er eksempel på tiltak som er langt meir effektive. Vil også minne om at NVE har dokumentert at eksisterande vasskraftverk kan moderniserast og gje 10-15 TWh ny fornybar energi uten naturinngrep til ein betydeleg lågare kostnad enn vindkraft. Kvifor blir det ikkje satsa på slike tiltak som kunne gagne klimaet utan å rasere verdifull natur?

Den einaste miljøvennlige energien er den som ikkje blir brukt. Og ein miljøorganisasjon som Natur og Ungdom burde sjølsagt vere den fremste talspersonen for ein reduksjon i energibruken i staden for å vere «løpegutter» for vindkraftselskapa.

Magnar Lien,

EVAK - En vindmøllefri Aure kommune

Arbeid er nøkkelen til god integrering

Hvert år kommer det tusenvis av mennesker til Norge, med unik arbeidskapasitet og evne til å bidra til velferd i landet. Dessverre motarbeides de av velferdsstaten.

I Norge er det ikke mye som er mer lønnsomt for en innvandrer enn å bli trygdet. En innvandrerfamilie med fire barn ofte vil sitte igjen med mer penger dersom mannen blir uføretrygdet enn om han er i arbeid. For norske skattebetalere er systemet irriterende, for innvandrere er det ødeleggende. Det «sikkerhetsnett» som nordmenn har grunn til å være stolte av, snører seg sammen rundt mange innvandrere og låser dem fast. Man blir stående på utsiden av samfunnet. Ofte er de eneste menneskene de møter sosialarbeidere og andre innvandrerfamilier i samme situasjon. Det skaper en farlig sirkel som gjør integrering til en umulighet.

Politikere snakker ofte om innvandring og hvor viktig det er at våre nye

landsmenn blir godt integrert. Forslag om statsborgerskapstest, norskopplæring og statlige støtteordninger er ofte nevnt. Selv tror jeg arbeid er nøkkelen til best mulig integrering.



Iris Aunvik.

På den måten lærer de språket, får kontakt med mennesker og får en helhetlig forståelse av hvordan samfunnet fungerer. Å komme seg i jobb er ofte det første trinnet man kan ta i stigen oppover i arbeidslivet, oppover i økonomien og oppover i samfunnet.

Jeg tror alle mennesker har et ønske om å forsørge sin familie gjennom arbeid. For å gi denne muligheten til alle landets innbyggere må vi endre

hvordan velferdssamfunnet Norge fungerer. Det kan under ingen omstendigheter lønne seg for et friskt menneske å være passiv fremfor yrkesaktiv. Det første innvandrerne møter når de kommer til landet må være muligheten til å lykkes av egen kraft, ikke av trykdeordninger.

USA har en svært vellykket integrering. Mens for eksempel somaliere er blant de dårligst integrerte i Norge, er de blant de best integrerte i USA. Muligens er det på grunn av en ordning som kalles negativ skatt: De som tjener under et angitt nivå slipper ikke bare å betale skatt, men får i tillegg utbetalt penger fra staten. Dette er fordi det skal lønne seg å være i arbeid fremfor å være passiv.

Innvandring er i utgangspunktet positivt. Norge er avhengig av innvandrernes arbeidskraft, og innvandringen til landet gir oss store muligheter. For å utnytte disse må velferdsstaten bli et sikkerhetsnett som fanger de som faller utenfor og kaster de tilbake i arbeid, ikke en sovepute av trykdeordninger som tvinger en til passivitet.

Iris Aunvik,

Kristiansund Unge Høyre

Frp bryter alle sine prinsipper

Frp og drømmeordføreren til Siv Jensen i Stranda kommune bryter helt med partiprogrammet og alle prinsippene til Fremskrittspartiet. Kommunen går nå inn som eier i ett aksjeselskap og kaller det for KF, noe som i følge partiprogrammet burde vært drevet av private investorer. Da til og med SV går sterkt ut mot den stadige kommunale overtagelsen av en mengde andre foretak som i følge partiprogrammet burde vært drevet av private, en må trygt kunne si at dette er svært

spesielt gjort av drømmeordføreren til Siv.

Se forøvrig kommentaren til fylkesmannen og legg til merke at dette omregnet hadde i Oslo-forhold dreid seg om eit benkeforslag til 6-7 milliarder. Ganske utrolig å gjøre en så tung beslutning på en svært mangelfull sakstutgreiingen.

Jostein Myrvang,

fylkesleder Demokratene Møre og Romsdal

Bautaen

Sier meg svært enig med gårdsdagens meningsytring rundt at det er for mye trær på Bautaen. Beklageligvis består det av mange grantrær som ikke hører til i denne faunaen. Men hvem kan gjøre noe med problemet? Og hvem er grunneier der oppe?

Bypatriot